

**Sokneråda i Ål**  
*Torpo Sokneråd*  
*Ål sokneråd*  
*Leveld sokneråd*

**Ål kyrkjelege fellesråd**  
Postb. 140  
3571 ÅL

Ål 1. september 2008

**Kultur- og kirkedepartementet**  
**Kirkeavdelingen**  
**Postb. 8030 Dep.**  
**0030 OSLO**

## Høyringsuttale, ”Styrket demokrati i Den norske kirke”

Dei kyrkjelege råda i Ål takkar for høve til å uttale seg om innstillinga om styrka demokrati i Den norske kyrkja. Me bed departementet merke seg at me sender ein felles uttale frå dei tre sokneråda i Ål samt frå Ål kyrkjelege fellesråd.

Dei kyrkjelege råda i Ål har fylgjande seks merknader / refleksjonar til innstillinga som er lagt fram:

### **1. Større representasjon av leke medlemmer, -presentasjon av kandidatane.**

Auka bruk av direkteval og større representasjon av leke medlemmer til kyrkjemøtet er viktig. Me ynskjer at presentasjonen av kandidatane blir gjort slik at me blir kjendt med dei, og at det går tydeleg fram kva kandidatane står for i sentrale kyrkjelege saker.

### **2. Opprydding i kyrkjelege medlemsregister.**

Prosessen fører til ein sårt tiltrengt opprydding i kyrkjelege medlemsregister. I seg sjølv er det ein positiv fylgje av demokratireformen.

### **3. Soknerådsvalet må haldast likt med stortingsvalet.**

På grunn av stort lokalt engasjement ved kommune og fylkesval blir det tungt å halde eit kyrkjeleg val likt med desse lokal-vala. I små bygdesamfunn kan det bli vanskeleg å få gode kandidatar til soknerådsvala. Dessutan kan valet fort drukne i lokalmedia. Å stemme ved tre, eller kanskje fire val same dagen er for mykje. Å halde valet i samband med stortingsvalet er av det gode. Sokneråda i Ål har veldig god erfaring med å legge soknerådsvalet til same dag, og i tilstøtande lokale som for stortingsvalet.

### **4. Økonomiske midlar må tilførast lokalt.**

Meir pengar til informasjon om valet er viktig. ”- Demokrati kostar”. Dei kyrkjelege råda i Ål sluttar seg i hovudsak til kostnadsvurderingane arbeidsgruppa har gjort. Råda vil likevel streka under at ein stor del av midlane må tilførast lokalt då soknerådsvalet i fyrste rekkje er eit lokalval.

## **5. Hald fast på 18 års grense for stemmerett.**

Sokneråda og fellesrådet meiner ein skal fylgje myndigheitsgrensa på 18 år ved dei kyrkjelege vala som elles i samfunnet. Det bør heller arbeidast betre i høve til aldersgruppa 18 år og oppover. Kyrkjerådet bør heller vurdere å styrke representasjonen til kyrkjemøtet ut over dei tre representantane frå ungdomens kyrkjemøte med tale og forslagsrett. Kanskje kan ein heller setja ei nedre aldersgrense på 18 år for representasjon til kyrkjemøtet, og med stemmerett i tillegg.

## **6. Innføring av møtegodtgjersle for kyrkjelege verv.**

Møtegodtgjering og tappt arbeidsinntekt må innførast for ulike verv i kyrkja på lik linje med andre offentlege verv.

---

Dei kyrkjelege råda i Ål ynskjer lukke til med den vidare prosessen fram mot eit styrka demokrati i Den norske kyrkja.

### **Ål sokneråd**

v/ Leiar

Liv Margit Sørbøen  
(sign)

### **Torpo sokneråd**

v/ Leiar

Olav Moen (sign)

### **Leveld sokneråd**

v/ Leiar

Odd Skarsgard (sign)

### **Ål kyrkjelege fellesråd**

v/ Leiar

Inger Karin Bøygard  
(sign)

---

Kjellfred Dekko (sekretær)

-kyrkjeverje-